

BOKN BYGDEBLAD

NR. 6

JULI/AUGUST 1990

ÆRG. 5

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

Sommer

Nå er sommeren her!
Kjenn så varmt som det er!
Hør det kvitrer og synger i busker og trær,
og det lokker i li,
og det kryper på sti,
og det surrer omkring oss av humle og bi.

Under bjørka jeg lå,
gjennom løvet jeg så
opp på himlen som lyste så strålende blå!
Over enga jeg sprang,
og jeg danset og sang,
men nå sitter jeg stille med blomster i fang.

Her er gresset så bløtt,
her det dufter så søtt,
og her skinner så gult og så hvitt og så rødt.
Og det stryker en vind
mellom blomstene inn,
og den vifter så sakte og kjøler mitt kinn.

Men nå må jeg avste'
bort i bakken og se,
har du lyst på litt jordbær, så kom og bli
Se, det rødmer av bær! med!
Nei, så glad som jeg er!
Å, jeg har det så deilig om somren især!

Tekst: Margrethe Munthe
Melodi: G. Tischendorf
Illustrasjoner: Kari Grossmann



BOKN SKULE :

NYTT SKULEÅR

Elevane startar nytt skuleår tysdag 21.august.

Dette er ei veke seinare enn vanleg, og dermed vil neste skuleår gå heilt fram til 21.juni 1991.Eksamen for 9.klasse er plassert ei veke seinare enn vanleg.Dette er årsaka til forskyvinga av skuleåret.

På grunn av kurs og planleggingsdagar for lærarane får elevane følgjande fridagar i haust: Tysdag 4.september, fredag 14.september og onsdag 17.oktober. I tillegg kjem to planleggingsdagar som ikkje er dato-festa enno.Den eine av desse kan bli lagt seinhaustes.

Det blir haustferie onsdag, torsdag og fredag første veka i oktober, og siste skuledag før juleferien blir torsdag 20.desember.

Torsdag 3.januar er første skuledag etter juleferien.Vinterferien varer ei veke frå måndag 25.mars til og med tysdag 2.april.

AUKA TIMETAL I 3. OG 4.KLASSE

Timetalet i 3.klasse er auka frå 20 til 24 veketimar frå hausten av.Det er norsk,matematikk og orienteringsfag som er styrka.Endringa gjer at 3.klasse kjem til å gå full skuledag (6 timar) måndag og torsdag.Tysdag,onsdag og fredag går dei 4 timar.

Det er Stortinget som har vedteke ei timeutviding på 3 veketimar i småskulen.I tillegg har kommunestyret, etter råd frå skulestyret,vedteke å utvide med enno ein time.

I 4.klasse blir det ein auke frå 24 til 28 veketimar.Desse elevane vil få ein tilsvarande timereduksjon når dei kjem i 5. og 6.klasse. 4.klasse vil med dette få full skuledag 4 vekedagar,medan onsdag blir ein kort dag med 4 timar.

Elles kan nemnast at 1. og 2.klasse går 16 og 18 veketimar som før. 1.klasse har fri fredag og går 4-timars dagar. 2.klasse har fri onsdag,har 6 timar tysdag, og går elles 4-timarsdagar.

BOKN MED EIGA PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE

Den nye PP-tenesta for Bokn vil ha kontor i skulebygget.Vi reknar med at spesialpedagog og dagleg leiar Astrid Sollid og barnevernspedagog Eva Moi Eikje vil vere på plass 6.august.I tillegg skal psykolog Nina Wold frå Tysvær ha arbeidsdag i Bokn ein dag i veka.Det er enno uvisst når ho vil vere på plass.Tysvær kommune har tilsett henne med tanke på teneste i Bokn,men avtalen mellom dei to kommunane er enno ikkje underteikna.

Det vil bli mykje å sette seg inn i for dei nye PP-folka.Av den grunn må vi rekne med at det kan ta tid før dei kan kome skikkeleg i gong med alle dei oppgåvene som ligg og venter.

SKULEOMBYGGINGA

Dei som har nær kontakt med skulen vil vite at nemnda for ombygging av skulen er godt i gong med arbeidet. Arkitekt Harald Lyslo har laga ei første skisse som har vore ute på høyring.Nemnda har gått gjennom alle merknadene, og sendt skissa tilbake til arkitekten for vidare bearbeiding.Lyslo reknar med å ha ei ny skisse klar tidleg i august. Denne vil bli lagt fram på nytt for brukarane.Så får vi sjå kor fort ein kjem fram til noko som kan presenterast som eit framlegg for politikarane.

HÅLANDSSJØEN BUSTAD- FELT

3 BYGGEFIRMA INTERESSERTE


Bokn kommune har lyst ut 9 av til-
saman 23 tomter i det nye byggefelt-
et Hålandssjøen. 3 byggefirma har
vendt seg til kommunen med spørsmål
om tomter, både ved Hålandssjøen og
i Føresvik.

Etter det Bokn Bygdeblad har fått
opplyst har byggefirmaene tenkt å
føra opp bustader for sal. I alle
fall eitt av firmaene har tenkt på
mindre bustader for t.d. slike som
etablerer seg i ny bustad for førs-
te gong.

Elles er det fleire privatpersonar
som har fått tildelt tomt ved Hå-
landssjøen bustadfelt. Dette er:

Odd A. Olsen, Sola
Steeven Høyland, Haugesund
Jardar Havikbotn, Bokn
Alf Alvestad, Bokn (2 tomter)
Per H. Valvatne, Haugesund

Det vil seinare bli drøfta i komm-
unen korleis ein skal stilla seg i
forhold til dei byggefirmaene som
har meldt interesse for tomter.



VIKSE HELSELAGS TUR TIL BOKN 28.MAI 1990

Vikse helselag har hatt sin årlige sommartur, som i år gikk til Austre og Vestre Bokn.

I strålande vær tok me avgarde. 37 bygdefolk, yngre og eldre.

På Austre Bokn hadde me kaffi og kaker ute i det fri. Me tok fergen over til Vestre Bokn, og der fekk me ei fremifra grei dame med oss i bussen som guida oss gjennom heile Bokn. Ho fortalte om alt og alle, så det me ikkje veit om Bokn er ikkje vert å vita. Ho var riktig ein skodespelar. Og sanitetskvinnene på Bokn hadde stelt istand eit nydelig dekket bord til oss i same huset som dei har sjukestova. Me fekk herlig middag, dessert og kaffi. Etterpå kunne dei som ville få seg en tur opp til Boknasendaren. Ein Sveiobu kjørte oss opp i drosje, det var i brattaste laget for bussen. Dei som var med opp fekk ei oppleving dei seint vil gløyma.

Det var også omvisning i sjukestova. Fine einmannsrom og opphaldsrom, og sanitetskvinnene hadde gitt mange fine ting til huset.

Me tok avskjed og tok fergen over

igjen. Så havna me i hagen på heim-plassen til "kasseraren" vår og der hadde me kaffi og kaker igjen, og riktig koste oss i det fine været. Det var gjestfrie folk på Bokn, så den turen vil me anbefala for andre lag. Me hadde ein grei og tolmelig sjåfør, som loste oss trygt frem og tilbake. Det var ein trivelige tur.

TAKK FOR TUREN

Helsing ein av pensjonistane

TIL BOKN BYGDEBLAD

Nå når Bokn er blitt så populær for foreninger og lag som reisemål, så fikk jeg lyst å sende et lite stykke som en pensjonist, som var med Vikse helselag på tur til Bokn skrev etterpå i "Vestavind" bygdablade for Sveio.

Og undertegnede "kasseraren deira" vil også få sende en hilsen til alle i Bokn som var med å lagte turen så hyggelig for oss, og ønsker alle en god sommer.

Hilsen Marit Vikse

HJEMMEBAKERI PÅ BOKN?

Jeg har tidligere hatt henvendelser fra personer som har vært interessert i å se nærmere på en oppstart av hjemmebakeri. Kommunen kjøper i dag alle sine bakervarer utenfra.

Med bakgrunn i de erfaringer en her fra Kvitsøy vil et hjemmebakeri kunne gi en bra bi-inntekt, uten å medføre de store investeringskostnadene.

Bakeriet på Kvitsøy produserer boller, kaker, etc, men ikke brød. En del av bakverket er meget etterspurt og en klarer ikke å produsere nok. To av produktene ville også med letthet kunne "eksporteres" til

Stavanger. En slik "eksport" vil kunne øke inntektene vesentlig.

Kommunen ser det interessant med etableringer innen service og butikk i det slike tilbud er med å høyner trivselen for de som bor her.

Vi ønsker å få kontakt med personer som kan være interessert, og vil bistå med besøk til Kvitsøy, økonomiske beregninger, søknader, etc. Ta gjerne kontakt for en uforbindtlig samtale.

Næringskonsulenten

Den 3. august dreg boknaspeidarane



Det har vore ein hektisk vår for den nystarta speidargruppa på Bokn. Den har nemlig førebudd seg på landsleir, noko som KFUM-speidarane har kvart 4. år.

I tida 4. - 11. august fyller meir enn 4.000 speidarar opp heile Sjøsandens ved Mandal. 14 nasjonar vil verte representert.

Frå Bokn dreg 11 speidarar og ein leiar. Me skal køyre med 1. FØRRE KFUM frå Tysvær som har eigen buss. Utstyret skal fraktast med biltilhengarar.

Leiren på Sjøsandens er delt inn i under-leirar - oppkalla etter fyrane på Svilandskysten. Boknarane skal saman med dei andre gruppene frå Haugalandet, bu i Ogsøy som er på 32 mål. Forventningane er store. Speidarane gleder seg veldig, men kan ikkje heilt setje ord på det.

"Skal bli gøy", seier Kai Arne Christensen.

"Blir kjekt, kjem sikkert til å lære mykje", seier Bent Livar Kro.

LEIV VÅGA

STADNAMN I BOKN

LODEN

Loden var ein av dei aller minste gardane i Bokn. Då folk fyrst slo seg ned her for kanskje 1500 år sidan, sto sjøen halvannen meter høgare enn i dag og skapte eit sund mellom Jøsenlandet og Loden. Namnet "Loden" kjem elles av "lutr" som tyder part eller del.

Kring 1670 dyrka dei ikkje meir enn eit par mål åker her, mindre enn nokon annan gard i bygda. Likevel kom han tidleg i framand eige som del av eit større godskompleks som omfatta heile den sørvestre delen av Bokn (Jøsang, Loden og Kjøyndå med holmane ikring). Tidleg i mellomalderen, kanskje alt kring 1120 då bispesætet i Stavanger blei oppretta, blei dei tri gardane lagde som eigedom under bispestolen.

På Loden hausta dei bare kring 400 kilo havre årleg, langt mindre enn til eige bruk. Difor slapp dei å betala leigeavgiftene sine med korn

slik det var vanleg elles. I staden sende dei kvart år ei halv tønne fisk til Stavanger i leige for garden.

Då pestane herja som verst etter 1349, flytta folket på Loden til betre gardar lenger nord på øya. Det same skjedde på Jøsang og Kjøyndå, noko som førde til at det fram til siste halvta av 1500-talet var folketomt sør for Straumen. Fyrst kring 1640 sette Per Knutsson og kona hans spada i jorda og braut opp gammal øydeåker. Dei sette opp hus og sleit seg til føda på garden, godt hjulpet av fisket. Men det var fyrst på 1800-talet to familiar makta å livnæra seg her.

Men det må nemnast at Lodenhagen ved eidet mot Jøsen er ein av dei eldste husmannsplassane i Bokn. Han blei rydda alt kring 1700 og var sidan i drift i generasjon etter generasjon til inn på 1800-talet. Også her fann dei livberginga på sjøen.

BOKNAFESTIVALEN 1990



Sundag 17. juni vart den fjerde Boknafestivalen avvikla.

I eit nydeleg sommarver tok Bokn Brass og Bokn Skulekorps imot gjestene på kaien. Gjester i år var Førland/Stegaberg Skulemusikkorps og Haugaland Trommekorps.

Musikantane marsjerte frå kaien og opp til skulen der føremiddagskonserten tok til kl.11.30.

Boknafestivalens "mor" og tradisjonelle konfransier Gunvor Veia ynskte små og store velkomne til tonefest.

Olaug Hognaland las til opning ein flott prolog ho hadde skrive til dagen. Deretter hadde ordførar Leif Vatnaland helsingstale til gjester og boknarar. Han var alt byrja å tenkja på neste års festival og meinte den kunne vera i samanheng med opninga av vei-og ferjesambandet.

Bokn Skulekorps byrja konserten, og etterpå var det Førland/Stegaberg Skulemusikkorps som tok over og spela fire nummer før pausen tok til.

I pausen var det sal av ertersuppe, kaffe, kaker m.m. Ein fekk og tid til å snakka med folk, og å prøva lycka i tombolaen.

Ettermiddagskonserten starta opp med musikkskulens popgruppe, felegruppa var neste, så drilljentene, deretter var det Haugaland Trommekorps sin tur, og til slutt Bokn Brass, dei hadde og eit innslag saman med ei swinggruppe.

Under programmet vart det delt ut statuettar til musikantar som går ut av 9.kl. Det vart og delt ut premiar og blommar til aspirantar og musikantar som har vore flinkast til å øva heime siste året.

Det var eit fint og variert program på årets festival, og ein vonar at mange gjekk heim med ei fin musikkoppleving rikare

Mykje arbeid ligg bak eit slikt arrangement, ikkje berre for musikantane men og for kakebakarar, kjøkkenarbeiderar, pyntekomite, programkomite og ryddegjeng. Dei har alle gjort eit kjempearbeid for at festivalen skulle bli vellukka.

OLAUG HOGNALAND
SIN PROLOG TIL
BOKNAFESTIVALEN
17. JUNI 1990

Det er så ulikt her på jord,
ein er liten, og ein er stor.
Ein er livleg, ein annan stille,
nokon er hissige, andre er milde.
Heller ikkje har alle fått
dei same evner til stort og smått.
Så får dei velja yrke og fag
etter evne og handalag.
Men det har vist seg stødt gjennom
tida,
ein må også ha litt ved sida,
noko å fylle fritida med,
ei interesse å gledast ved.
Også her kan dei velja fritt,
kvar kan stella og trivast med sitt.
Fotball, motorklubb, skulelag.
Her er visst eit program kvar einaste
dag.
Drilling og popgruppe, korps og kor,
her er nok av tilbud for liten og
stor.
Heller ikkje her har ein same talent,
ikkje alle er fødd med musikkinstru-
ment.
Ein tek aldri ein melodi,
ein annan syng vakkert som fugl i li.
Men lærelysten, det kan ein vera,
og noter seiast det alle kan læra.
Mange i musikkorpset har sin plass,
nokon i skulekorps, andre i Brass.
Nittensekstifire, det var første sprett
eit korps det skulle Bokn ha, det var

ikkje meir enn rett.
Dei lytte tungt i starten, og motgang
dei prøvde,
men glade og ivrige gjekk dei trutt
og øvde.
Snart var dei både å høyra og sjå,
det blåkleddet tog med gullsnorer på.
Nå har dei jubilert både ein gong og to,
langt oppi tjugeåra er dei jo.
Nye aspirantar dei stadig fann,
når lærde musikantar blei store og for-
svann.
Jentene kom jo også til,
både med instrument og drill.
Så mange reiser har dei fått istand,
både i Norge og framande land.
Bokn Brass har og jubilert,
tiårsdagen er lukkeleg markert.
Grupper og kor har kome og gått,
men korpsa har stått.
Musikkskulen set så mangt i sving,
den har æra for ein spretten leikarring.
Piano og fele, orgel, gitar,
noko for alle, det veit me dei har.
Nå er det alt fjerde festivalen,
her er glede og forventning i salen.

Musikkglede kan me og ha,
som ikkje veit forskjell på C og a,
og ikkje kan spela, så gjerne me vil,
men høyra kan me, og det gledar me
oss til.

TILSETJINGAR

BARNEHAGEN:

Rannveig Nygaard er tilsett i full
stilling som assistent ved Bokn
barnehage.

SKULEN:

Svanhild Alvestad og Wenche Jøsang
er tilsette i deltidstillingar som
assistentar ved Bokn skule for 1 år.

SJUKESTOVA/ ÅPEN OMSORG

Laila Ramstad er tilsett i full
stilling som sjukepleiar ved Bokn
sjukestove/åpen omsorg. Ho fekk still-
inga etter at Ellen Frøiland Svare
sa frå seg stillinga.

AKVARIUM MED LEVANDE FISK

Steinar Alvestad set opp ein stor
glasfiberkum på kaien i Alvestad
kroken. Her skal han ha levande
fisk og sjødyr. Han skal innstal
lera pumpe for tilførsle av friskt
sjøvatn. Dersom alt fungerer til
fredsstillande, blir det nok meir
og meir spennande etter kvart som
det kjem ny fisk og anna levande
frå sjøen oppi akvariet.



NYTT FRÅ

SOKNERÅDET I BOKN

Ja, noko av dette er etterkvart "gamalt nytt".

Soknerådet har foretatt desse valg: Formann Sigvart Våga, nestformann Leiv Våga, kasserar Sigmund Alvestad og sekretær Sverre Øvrebø.

Vidare vart vald: Medlem styret Kyrkjetonar Marie Vågshaug og redaksjonsnemnd Kyrkjetonar Bertha Våge. Diakoniutvalg: Andreas Borgen- vik formann, Ingebjørg Ognøy og Gunnvor Øvrebø. Kontaktperson Kirkens Nødhjelp: Ingrid Håland. Under- visningsutval: Leiv Våga, Sigmund Alvestad og Marit Øvrebø.

På kyrkjelydsmøtet etter gudstenes- ta 18. febr. vart det vald utsending til bispedømmemøte. Vald vart: Leiv Våga og til varamann Sigmund Alve- stad.

Benkene i kyrkja er ikkje så gode å sitja på for alle, for å bøta på det vart det i slutten av førre året kjøpt inn ein del puter. Dei har no vore på plass ei tid, kor mykje det hjelper får kvar enkelt finne ut. Du har gjerne prøvt? Det er strenge reglar om å gjere endringar i kyrk- ja, det måtte derfor søkjast om god- kjenning av dette. Den er no komen. Dei har no også både form og farge som burde gjere dette enkelt.

Som vel alle er kjendt med arbeid- ast det med utviding av kyrkjegard- en. Landskapsarkitekt Fosså har plan- legginga av dette saman med ei nemnd som består av presten, ordføraren og Leiv Våga.

Det ligg føre ei offentleg utredning om "Den lokale kirkens ordning" som av departementet er sendt ut til høyring hjå kommunar og sokneråd m.a. Utvalget som står bak denne foreslår ei friare stilling for kyrkjelyd og sokneråd i høve til kommunen, med ar- beidsgjevaransvar og at kommunen ett- er faste reglar løyver ein sum som soknerådet disponerer. Sjølv om dette er ei viss lausriving frå kommunen, skal det fortsatt vere statskyrkje. I større kommunar med mange sokn er det gjerne annleis, men etter forholda her kom soknerådet til den slutning då ein svara på dette at den ordning ein har no verkar såpass godt at det er svært usikkert at det nye er betre.

Ein har derfor svara nei på hoved- spørsmålet.

Som dei fleste vel veit er det i vår starta speidararbeid i Bokn. Dette er ikkje noko som soknerådet driv direk- te. Det var presten og Leiv Våga som gjekk i brodden med dette, seinare er også andre leiarar komne til. Me andre er takksame for at dette arbeidet er kome i gang. Me får vona at det kan leggje grunnlaget for eit kristent ungdomsmiljø i bygda, noko me treng sårt.

"Korleis skal ein ungdom halda stigen sin rein? Når han held seg etter ditt ord", Salm. 119-9.

S.V.

Å VELGE HVILKET
BYGGEFIRMA
DE SKAL SAMARBEIDE MED
ER INGEN ENKEL OPPGAVE

* Derfor tillater vi oss å fremheve noen av de fordeler De vil kunne oppnå som kunde hos

BOKN BYGG

* Vår arkitekt og ingeniør Olav Bergjord står alltid til tjeneste for å gi Dem all den hjelp De trenger med valg av hustype, plassering av huset på tomten og alle søknader til byggemyndighetene.

* I huset som De bygger skal De i de fleste tilfeller bo i mange år, og da er det godt å vite at arbeidet som blir utført er fagmessig.

Det er en hederssak for oss å gjøre godt arbeid.

* Våre priser er så absolutt konkurransedyktige og materialene er av beste kvalitet.

VI PÅTAR OSS OGSÅ BYGGING AV
GARASJER, TILBYGG, HYTTER OG
OPPSETTING AV GRUNNMURER


LA OSS FÅ SKREDDERSY ET
HUS FOR DEM!



BOKN BYGG

4290 FØRESVIK

TELEFON (04) 74 85 76



Nytt fra
Idrettslaget



Fart med kart Orientering er gøy

Orienteringskartet over området nordre del av Vestre Bokn er nå ferdig og har fått navnet "Boknafjellet". Det er også laget et instruksjonskart over området rundt Bokn Skule og nordover til Kongshavn. Dette kartet har fått navnet "Føresvik".

Dermed er 2 års arbeid med planlegging, konstruksjon, synfaring, rentegning, prøvetrykk, kontroll og trykking av kartet endelig ferdig. Håper kartene blir til gagn og glede for store og små.

Det er nå lagt ut 20 turorienteringsposter i området rundt og på Boknafjellet. Konvolutter med kart og postbeskrivelser fås kjøpt på Handelslaget og hos Steinar Alvestad, og koster kr. 20.-

Ta dere en tur ut i marka og finn postene samtidig som dere nyter Bokn's flotte natur og får trimmet sjel og legeme.



turorientering er **TRIM**

Prøvetilbud på Personkort: Årsavgiften tilbake hvis du ikke er fornøyd etter 3 måneder.



EIN UTFLYTTA BOKNAR

Det var like etter krigen eg flytta frå Bokn.

Krigen sette stoppar for så mangt, så eg var godt "vaksten" då eg begynte på lærarskulen i 1946. Etter endt utdanning var det å ta fatt på arbeidet i skulen. Det var ikkje vanskeleg å få jobb. Eg søkte på 8 utlyste stillingar og fekk alle. Men berre ein plass kunne eg vera så val-et fall på nabokommunen Rennesøy. Der starta eg som framhaldsskulelærer i 1950. Løna var 7100 kr. første året og eg tykte eg var rik. Så vart eg gift med ei boknajente og fekk familie. Då ein eldre lærar på Rennesøy gjekk av, tok eg hans post og har sidan hatt arbeidet mitt mellom elevane i barneskulen. Etter å ha vore på Rennesøy i 8 år, kom me til Bokn og var der i 3 år før me før til Klepp. Der slo me oss til for godt frå 1961.

Likevel, Bokn vil alltid for meg vera den gildaste og finaste staden i verda. Det er rart, men det er vel slik me føler alle som har vakse opp her. Her har far og mor budd og slite, her var det me gjekk på skulen, i kyrkja, på Ungdomshuset, i båten og på kaien. Her kjende me alle og visste alt om kvarandre. Her delte me både sorger og gleder. For ein fest det var når eit nytt fiskefarty vart kjøpt eller det vart godt fiske, og kor vondt det var når nokon kom bort på sjøen eller døydde brått.

Me hadde ikkje elektrisk straum i Bokn då eg vaks opp. Kva det førde med seg av slit og ulempe, veit berre dei som har prøvt det. Det var ingen som hadde fjernsyn, og berre få hadde telefon eller sykkel. Batteriradioar kom

først i åra like før krigen. Første bilen kom til Bokn i 1936. Eigaren Kristoffer Håland, eller Stoffer, som me kalla han, var også griseslaktar. Bilen vart bruka til transport av folk og varer, men mest til mjølkekjøring. Vegane var smale og dåelege og det var ei mengd med grindar, så det var nok ikkje så greitt med bilkjøring i førstninga. Men sjåføren var dyktig. La meg ta fram eit minne: Næraste dokter var Torkildsen i Koparvik. Ein vinterdag i eit fælt snøvær kom dokteren med skyss til Vikjå og skulle utover øya ein stad og sjå til ein sjuk. Stoffer vart spurdt om han kunne kjøra, og det gjorde han endå det var mest umogeleg å sjå den smale vegen i det heile.

Nattrutebåtane var sikraste sambandet Bokn hadde med fastlandet. "Stavanger I", "Rogaland" og "Sandnes" gjekk i fast rute Stavanger - Bergen. Frå Vikjå gjekk båten sørover kl. 7 om morgonen og nordover kl. 10 om kvelden. Jacob Larsen var ekspeditør. Du for eit arbeid det var mange gonger å markera kaien med lykter og sjå til at post, last og passasjerar kom vel ombord og i land. Stundom måtte båtane bordast. Men du såg aldri Jacob sint, alltid var han tenestevillig og i godt humør. Over sundet gjekk transporten helst med småbåtar. Kor mange turar vert det ikkje for han Albert? Det kunne vore skrive bøker om desse tre boknarane: An Stoffer, an Jakob og an Albert. Kven vil gjera det? Mange fleire kunne vore nemnde. Me skuldar dei takk for trufast arbeid og slit til gagn for oss som snart går ei ny tid i møte. Bokn vert landfast.

Gunnar Alvestad

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 Føresvik
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300
Halv side: kr. 150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonsar: kr. 10,-.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

B

LEGANE I FERIE

Dr. Aune er tilbake frå ferie tirs-
dag den 17.juli.

Dr. Caspersen er tilbake fredag
den 31.august.

BOKN BYGDEMUSEUM OPNINGSTIDER

Kvar søndag i juni, juli og aug-
ust - frå og med 3.juni til og
med 26.august.

Kl.15.00 - kl.18.00.

ARRANGEMENT

14.juli: Basar på Hognaland bedehus
kl.19.30.

Arr: Den Norske Sjømanns-
misjon.

ØNSKES KJØPT

Komfyr/hybelkomfyr ønskes kjøpt.

Tlf. 74 85 17

TIL SALGS

Lillsport bæremeis, som ny. Halv pris.
Nypris kr.625,-.

Tlf. 74 85 66

MERKEREJSTERET

Føring av merkeregisteret for Bokn
kommune er fra den 1.5.90 overtatt
av Fiskerirettlederen i Haugesund.
All registrering, endringer eller
slettinger skal derfor fra denne
dato meldes til Fiskerirettlederen,
Kaigaten 1, Haugesund.

BASAR I SANITETEN

Bokn Sanitetsforening har hatt basar
på Austre Bokn bedehus den 8.juni.
Frammøtet var bra, og det vart lodda
ut mange fine gevinstar.
Resultatet vart ca. kr.29.000,-
netto. Halve dette beløpet vert
sendt til Kreftforskninga. Me vil
retta ein takk til alle som var med
og støtta arbeidet vårt.

I.B.

HEI ALLE SAMAN!

Dess fleire me er, dess kjekkare er
det!

Har du ikkje meldt deg på IDRETTS-
SKULEN har du siste sjanse no!
Send påmeldinga til kulturkontoret,
nærare aktivitetsplan for 1990-91
vil bli sendt til dei påmelde i
august.

Tove

LANGDAG TIRSDAG !

GODE TILBUD



TRELAST- OG BYGGEFORRETNING
4262 AVALDSNES - TLF. (04) 84 31 11

RING SOLVEIG GUNDERSEN
FOR AVTALE TLF. 74 85 01

TEGNING

BYGGESAKSBEHANDLING ...
FORSLAG TIL KJØKKEN ETC.

DET ER VI SOM SELGER BLINK-HUS!

